



Aktiviteten er høg i Aktivitetshuset og brikkane fell etterkvart på plass med omsyn til fullføring og økonomi. Her er gymstick-partiet i aksjon i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Sparebank 1 Kvinnerad har no refinansiert lån til Uskedalen Aktivitetshus etter at kommunen stilte garanti for eit nytt lån på 300.000 kroner.

Etter det siste låneopptaket er restlånet 589.000 kroner.

Etter oppmoding frå kommunen og aktivitetshuset har banken refinansiert det eldre lånet med føremål å lempa på den månadlege likviditetsbelastninga for aktivitetshuset.

Lånetida er difor forlengja frå knapt seks år til 25 år. Innfriing av lånet blir etter dette utsett frå 2014 til 2033.